Nr. 3 1969

# INTERN BULLETIN

# bergen/hordaland SUF

www.akp.no (2024)

På seminaret vi hadde i pinsa, var det folk frå færre stader enn vi hadde håpa det skulle komme frå. Utanom Bergen var det bare folk frå Odda, Øystese og Valen. Debatten på seminaret gjekk heller dårleg, noko vi trur kjem av at det herskar så stor semje om dei spørsmåla som var oppe. På slutten av seminaret kom det fram ein del kritikk av fylkesstyret over opplegget for seminaret. Vi har handsama saka i styret, og kommet fram til at vi har hatt ein liberalistisk arbeidsstil på mange felt, spesielt i samband med seminaret. Styret har då også drøfta kva vi kan gjera for å betra arbeidsstilen vår.

Enkelte av folka våre har vore på tur i Sogn og Fjordane og vitja kontaktane våre der. Det syner seg at det nå tar til å skje ting i dette fylket også, situasjonen var bra på alle dei stadene vi vitja der.

Når det gjeld arbeidet framover sommaren, så arbeider vi med ei brosjyre vi har tenkt å gi ut i samband med at HSD legg ned båtrutene frå Hardanger til Bergen, Sunnhordland og Stavanger. Vi treng då hjelp av folka våre i dei aktuelle distrikta for å få brosjyra effektivt spreidt.

Det er viktig at laga og gruppene våre held aktiviteten ved like utover sommaren. Vi har ikkje råd til å slappa særleg av. Den 4. juli er USAs nasjonaldag, og det vil då bli aksjonert over heile landet. Aksjonar om NATO og Vietnam er det som høver, og spesialnummeret av For Vietnam om NATO bør spreiast i samband med slike aksjonar. For Vietnam kan bestillast hjå SolKom, midlertidig ny adresse postboks 5558, Oslo sentrum.

Elles må studiearbeidet halda fram. Viktigast er sjølvsagt studia i marxismen-leninismen Mao Tsetungs tenking, men også sommerleirdokumentene er det naudsynleg å studera, anten ein skal på sommarleiren eller ikkje.

Når det gjeld sommarleiren, vil vi sterkt understreka kor viktig det er for folk at dei tek del der SUFarar frå heile landet kjem saman og diskuterer dei sakene ein står oppe i åtte dagar til ende.

Til slutt vil vi understreka at alle SUFarar som skal ta seg sommarjobb så langt som råd er fylgjer instruksen frå faglig utval. Fylkesstyret vil også gjerne ha mest mogeleg oversikt over kor dei einskilde jobbar, og mest mogeleg fullstendige rapportar frå dei einskilde arbeidsplassane.

Svein Ivar L[redacted].

www.akp.no (2024)

RAPPORT OM AKSJON FOR FLEIRE NYNORSKE LÆREBØKER.

(Denne rapporten fikk vi til Intern Bulletin nr. 1, men grunna utrolig organisatorisk rot i fylkesstyret kommer den ikke før nå.)

På skulen vår er det stor misnøye med at dei fleste lærebøkene er på bokmål. Vi bestemte oss difor for å kjøre ein interesseaksjon på saka, da dette skulle vere eit emne som det var heller lett å få folk med på (noko som ikkje alltid er så lett her i Øystese).

Ein kamerat gjekk så til ein lærar som er medlem i Kvam Mållag for å få nærare opplysninger om læreboksituasjonen. Mållagslæraren sprang (sjølvsagt) til rektor og fortalte han at SUF hadde planar om ein nynorsk-aksjon. Rektor fyr og flamme (sjølv målmann), aksjonen skulle gjennomførast, men ikkje av SUF. Dette var ei passende oppgåve for elevrådet. Etter press fra rektor lova elevrådsformannen sånn halvveges å ta på seg aksjonen. Vi blei mildt sagt litt forbanna da vi fekk høyre om dette, og var oppe og prata med rektor. Han grunngav sin framgangsmåte med at 1) Departementet ville ikkje ta aksjonen alvorleg når SUF var initiativtakar, og 2) Folk ville ikkje slutte opp om aksjonen dersom SUF stod bak.

Etter samtale med formann G[redacted], som var her i Øystese da, blei vi samde om å leggje aksjonen opp slik:

Vi overtalte elevrådsformannen til å nekte å gjere noko med aksjonen (noko som ikkje var vanskeleg, da aksjonen ville medføre ein god del arbeid). Nedsette så eit upolitisk aksjonsutval på 5 medlemmer (3 av dei SUF). Aksjonsutvalet skulle ha som oppgåve å utarbeide eit opprop som til og med UH-folk kunne skrive under på. Etter at aksjonen var gjennomført, skulle så vi dele ut ei brosjyre/løpeseddel om læreboksituasjonen.

Aksjonen er no gjennomført etter dette mønsteret. Elevar ved Volda gymnas og Bryne gymnas har sett seg i spissen for liknande aksjonar i Møre og Romsdal og i Rogaland. Frå dei tre fylka har vi til saman fått inn ca. 6000 underskrifter som skal oversendast Kyrkje- og Undervisningsnemnda i Stortinget, da språkmeldinga straks skal opp der.

Aksjonen har styrkt interessa for målarbeid og bevisstgjort ein del elevar på målfeltet. Fleire elevar har nettopp returnert eigafråsegna (skjema som skal utfyllast når ein skal på sesjon), som dei fekk på bokmål sjølv om dei ved innrullering valte nynorsk.

Som følgje av lærebokaksjonen skal det tirsdag 15. stiftast elevmållag på skulen. (Er altså stifta nå, ser ut til å fungere.)

Kritikk av aksjonen: Visse ting i oppropet kunne vore annleis forma. Menneskerettane kunne vore utelatne. Oppropet kunne vere forma meir som eit krav utan å påpeika kva som skulle gjerast (stønad til private forlag). I informasjonen til elevråda burde det ha vore presisert at også elevar som ikkje nytta nynorsk kunne støtte aksjonen. Brosjyra burde ha vore trykt opp i større opplag og spreidd ved fleire skular. Her mangla vi kontaktmenn. Dersom det finst SUF-lag i Sogn og Fjordane som vil gjennomføre ein liknande aksjon, kan dei kontakte oss for gode råd, stoff om læreboksituasjonen o.l.

Øystese SUF.

Rapport om skolesekretæren sitt arbeid sia sist.

Som diverse lag og kontakter har merka, har jeg sendt ut "prøveeksemplarer" av spørreskjemaet mitt, for å få kritikk og endringsforslag, og samtidig skaffe diverse opplysninger om de skoler der de respektive lag og kontakter kunne snike opplysninger. Av disse skjemaene (ca. 8) har jeg fått igjen to i utfylt stand, fra Øystese og Sandane.

www.akp.no (2024)

Jeg venter med lengsel på resten. Foreløpig har arbeidet mitt ligget på registreringsplanet, jeg samler data om skolene og setter meg inn i forholda. Eget arkiv har jeg også skaffa meg i den forbindelse. Kontakten utover har jeg tenkt å legge opp litt annerledes, systemet med rapporter til styret hver måned blir for mekanisk for meg. Mitt nye opplegg blir meir brevveksling, der jeg har anledning til å grave fram ting som ikke blir tatt med i vanlige rapporter. Brev om skoleforhold etc. bør altså gå privat til meg, adresse [redacted]svei 12, 5000 Bergen, ellers kan det hende jeg aldri får dem (forsvinner i rotet på kontoret, blir glemt overlevert osv.). Mye av opplysnings- og samordningstjenesten kommer også til å gå i privatbrev, det er et faktum at denne bulletinen ikke er sikker. Alt av skolestoff som kommer inn i bulletinen gjennom meg, skal være sensurert og reinska for "skadelige" navn. Det er ikke nødvendig å skape ekstraproblem for folk.

Hva angår kontakten utover som den er nå, har jeg god peiling på Øystese. Siste brev derfra var ofselig langt og inneholdt en haug med opplysninger jeg hadde bedt om. Ellers blei det meldt om nye framstøt på ungdomsskolen, og i rapporten fra pinsekonferansa var det planer om allmannamøter på gymnaset til høsten. Folka slutta seg til kritikken min av "Fascist"-brosjyra og har ikke delt den ut. Fra Sandane har jeg altså fått igjen skjemaet, og det later til at folka der er jævla samarbeidsvillige, ivrige og patente, så hvis bare jeg passer mi oppgave skal vel det bli ordna. Fra Odda har jeg fått ei lita lappe for ei tid sia, pluss en lang utførlig rapport på pinsekonferansa. Gymnaset/realskolen i Odda skal skilles til høsten, rektor skal være "demokratisk" i den forbindelse, men har allerede avslørt seg. Skoleavisa har våre folk trukket seg ut av. Man sysler med aksjonsplaner tor over sommeren. SUF har vunnet litt på gymnassamfunnet, og UH har dumma seg ut på eget initiativ. I Odda er en ikke riktig enige i, eller kan ikke forstå, (jeg er ikke helt sikker på hva, har hatt for lite kontakt) kritikken av "Fascist"-brosjyra.

Det var det jeg har fått hittil. Jeg jobber imidlertid stadig iherdig med å utvide kontaktnettet mitt, så fortvil ikke om dere syns vi ligger dårlig an. Det tar litt tid å kartlegge skolesituasjonen.

Så en kraftig kritikk av skolekomiteen i Bergen SUF. Jeg har ennå ikke fått noen opplysninger derfra, tross gjentatte henstillinger. Det har gått så langt at jeg nå opererer privat med en del av skolekontaktene her i Bergen, uten å la det gå gjennom skolekomiteen som det rettelig skulle.

Kamerat Ø[redacted] er,i tillegg til at han er studiesekretær, redaktør av avisa til Sosialistisk Studentlag i Bergen, Alternativ. Han har snakka litt frampå om å gi ut et "skolenummer" til høsten, som kan deles ut på skolene. Stoff foreløpig om Gjelsvikkomiteen ([redacted]) og skoledemokrati (meg? Satan!). Jeg vil gjerne ha reaksjoner på opplegget, og om moen føler seg kompetente til å bidra, tar vi imot med glede i sjela.

Apropos aviser, jeg har forsøkt å komme i kontakt med ei lita avislappe som gis ut av ei gruppe sosialistiske gymnasiaster i Esbjerg i Danmark. Foreløpig ingen resultater, men vi venter i håpet.

Kontakten min med sentralstyret fungerer ikke i det heile, jeg har sendt et par brev til M[redacted] men ikke fått noe svar. Hvis jeg ikke nå snart får noen reaksjon, kommer jeg til å lage kvalme. Bergen/Hordaland tilhører også resten av verden, jeg vil ikke isoleres med interessearbeidet på Vestlandet heilt aleine.

Revolusjonær hilsen til alle skolekadre og -kontakter! hst-69

www.akp.no (2024)

Følgende arriverte fra sentralstyret:

Til alle skolekadre.

SUFs skolestudiesirkel vil ikke foreligge før til høsten. Men vi har et akutt behov for skolerte skolekadre på alle nivåer. På mange steder er det blitt tvingende nødvendig at flere evner å behandle skolearbeidet på et teoretisk nivå. Derfor må det nå organiseres sitatstudier blant aktivistene der det er muligheter for det allerede nå i sommer. Studiene kan gå over et eller flere møter. Kapitler som "Det kommunistiske partiet", "Om partiutvalgets ledelse", "Folkekrigen", "Masselinja", "Kommunister" og "Kadre" må studeres med tanke på å få belyst mangler i vårt skolearbeid og finne fram til ei linje i skolepolitikken.

Konkret foreslår vi at i små lag samles alle som jobber med skolesaker til et møte som oppsummerer erfaringene fra det siste halvåret og legger opp linja til høsten med konkrete forberedelser. Studiene av sitater danner utgangspunktet for møtet, slik at diskusjonen ikke blir ensidig og overflatisk og gamle feil gjentas.

Der hvor det går så mange som tre SUFere på en skole, bør samme slags møte holdes skolevis istedetfor lagsvis.

Slike oppsummeringsmøter av alle SUFere på en skole, eller alle skoleSUFere i et lag, bør holdes nå like etter eksamen.

Videre må skolepolitikken tas opp på medlemsmøter og styremøter. Blant anna skal et forslag til skoleprogram for SUF behandles i organisasjonen og legges fram på landsmøtet. Men uten å kjenne arbeidsplanene til hvert enkelt lag vil det være dumt å komme med noen direktiver om dette.

Marxistisk-leninistisk hilsen
Harald M[redacted], skolesekretær.

PS. Skoleprogrammet skal opp på sommerleiren.

Endelig livstegn fra skolekomiteen i Bergen SUF, hengt opp på kontorveggen 7. juni:

Skolekomiteen har hatt et møte (etter generalforsamlinga). Vi gikk igjennom foredragslista fra den gamle komiteen, og gjorde visse forandringer. Den nye lista skal sendes ut til SUF-lag, skoler mm. i august. Til høsten skal vi samle inn nye rapporter fra skolene. Vi har begynt å planlegge det videre arbeidet. Ved sida av dette har vi starta opprydding i papira vi har overtatt fra den gamle komiteen.

Altså funksjonerer den. Jeg har nå tenkt å stille opp på møtene deres for å stramme dem litt opp og hjelpe til (!) litt, med min store innsikt og erfaring (!) skulle jeg fort få skikk på det.

hst-69

www.akp.no (2024)

Rapport frå turen til Voss, Sogn og Fjordane 2. - 7. juni -69.

Med på turen var Odd O[redacted]n, Fana SUF, Lars B[redacted] og Svein L[redacted], begge Bergen SUF.

Voss.

På Voss skjedde det lite. Sirkelen i marxismen-leninismen som dei heldt på med, hadde dei ennå ikkje fått gjort ferdig. Årsaka til det var dels at dei ennå ikkje hadde fått all litteraturen frå sentralstyret. Johanna S[redacted] og Ulf H[redacted] er i ferd med å gå ut av SF, men dei deltok både på den private konferansa til B[redacted] i pinsa. Av dei tre SUFarane på Voss, reiser den eine bort.

Sogndal.

På Sogndal var der ingen SUFarar, men vi fekk kontakt med ein del folk som var interesserte i å starta studiesirkel i marxismen-leninismen Mao Tsetungs tenking. Ein del av dei var tidlegare medlemmer av AUF-laget på Sogndal, som blei oppløyst etter pro-NATO-vedtaket i AUFs sentralstyre for eit år sidan. Folka i Sogndal hadde forsøkt seg med eit sosialistisk debattforum, men det fungerte bare kort tid. Dei folka vi hadde kontakt med, var svært interesserte i informasjon om SUF. Elles er Sogndal eit skulesenter, med svært lite industri.

Høyanger.

Dei er ein 10-12 SUFarar der, som har delt ut ein del brosjyrer som har blitt vel mottekne. Dei skal nå starta på sirkelen i faglig politikk, og til hausten i m-l-m. Halvparten av folka er realskuleelevar som til hausten reiser bort. Minst to av dei drar til Voss, der dei trengst bra. Dei folka som blir igjen i Høyanger er svært unge. Dei har ennå ikkje starta noko lag, noko som vel er riktig, så få som blir igjen til hausten.

Florø.

SUF har ein kontakt i Florø, Magnar F[redacted], som går på gymnaset. Han hadde lett selt 50 Klassekampen nr. 4, og han ville fortsetta dette salet. 1. mai delte han ut ein del av SUF-brosjyra. Vi prata også litt med formannen i Unge Venstre på staden, som viste seg å vera svært bra. F[redacted] og UV-formannen meinte dei kunne få med seg ein 4-5 mann i ei FNL-gruppe, som dei tok sikte på å få starta opp til hausten. Unge Høgre dominerte sterkt på gymnaset, noko som det skulle la seg gjera å endra på. Elles er Florø ein småborgarleg by, med eit skipsverft og nokre sildemjølfabrikkar.

Sandane.

Dei SUFarane vi traff på Firda Gymnas i Sandane var Arve E[redacted] og ein som tidlegare var formann i Unge Venstre på staden. Dei verka både svært ivrige. I staden for å starta eit SUF-lag med bare nokre få medlemmer, ville dei starta eit uavhengig sosialistisk lag der dei rekna med å få med seg ein del fleire, og der dei ville driva skolering i marxismen-leninismen Mao Tsetungs tenking. Dessutan ville dei byrja med sal av Klassekampen. Elles er Sandane eit skulesenter utan industri.

Odd O[redacted]     Lars B[redacted]     Svein L[redacted]

www.akp.no (2024)

Rapport fra Odda om streikeaksjonen mot MOMS.

Den 19. mai blei det avholdt fellesstyremøte i de tre store kjemiske fagforeningene i Odda. Disse foreningene representerer omlag 1500 medlemmer. På møtet blei det vedtatt enersendt Stortinget en anti-MOMS-resolusjon, og bestemt at en halv times arbeidsstans skulle gjennomføres onsdag 28. mai.

Etter undersøkelser på de tre bedriftene for å finne ut hvordan streikeaksjonen arta seg, kan vi gi følgende uttalelse:

Det Norske Nitridaksjeselskap.

Tirsdag 21. mai blei det innkalla til medlemsmøte, der Alf K[redacted] orienterte om MOMSen, og satte denne inn i den riktige sammenheng. Kjell J[redacted] kom så med et innlegg som støttet K[redacted]. De sosialdemokrater og andre borgerlige elementer som var tilstede forholdt seg passive. Enten var de enige med de to foranevnte, eller kanskje de ikke hadde motargumenter? I alle fall, onsdag kl. 11.00 blei arbeidet nedlagt i alle bedriftens avdelinger. Det kan også nevnes at et entreprenørfirma som arbeider på bedriftens område stoppet arbeidet etterat K[redacted] hadde snakka med folka. (Arbeidsformannen gikk rundt og stanset maskinene!) Vi kan altså si at aksjonen var 100% vellykka på Nitriden. Dette kan en dessverre ikke si om de to andre bedriftene, som vi skal se.

Det Norske Zinkkompani.

Her ser det ut til at folka var svært dårlig orienter på forhånd. Opplysningskampanjen var altfor dårlig. På de avdelingene der det var virkelig progressive folk blei aksjonen heilt vellykka. På resten av bedriften var ikke arbeidsfolka klar over streiken før de leste om denne i lokalpressa (samme dag, men for seint). Ved de avdelingene som ikke inngår direkte i produksjonen var det full stopp den halve timen som planlagt. Dette gjelder også de produksjonsavdelingene der folk var orientert. Men - det viste seg at arbeiderne her hadde satt opp tempoet en stund før stansen, slik at produksjonen blei den samme!

Odda Smelteverk.

Her gjelder også i stor grad det samme som for Zinken. Arbeiderne var jævla dårlig orientert på forhånd. Derimot fikk streiken på en måte større slagkraft her enn på Zinken. Produksjonen er lagt opp etter et "samlebånd"prinsipp, slik at på grunn av streik i enkelte produksjonsavdelinger, stoppa det heile opp. Imidlertid var alle vedlikeholdsavdelinger i full virksomhet, så aksjonen blei dessverre ikke det vi hadde venta.

Atså: Resultatet av heile aksjonen blei bare delvis vellykka. De folka som er bra, isolerte seg i altfor stor grad innen sin egen avdeling på bedriften. En kan se Nitriden for seg, og ta folka der som eksempel på hvordan det kan gjøres. Til sist får en håpe at de progressive folka har tatt lærdom av feilene, noe jeg absolutt tror. Vi vil i nærmeste framtid starte opp med en Sosialistisk Arbeidsgruppe, der det vil bli lagt vekt på å få med folk fra bedriftene, slik at kontakten blant og skoleringen av disse blir best mulig.

Fagligsekretæren i Odda.

www.akp.no (2024)

REFERAT FRA FYLKESSEMINAR FOR BERGEN/HORDALAND SUF PINSEN 1969.

DAGSORDEN:

Lørdag: 14.00 Åpning.Valg av dirigent og referenter.
14.15 Rapport fra laga med debatt.
16.30 Kritikk av Klassekampen.
18.00 Om Vestlandsplanen. Orientering ved Torstein H[redacted].
19.00 Valg av faglig utvalg til Fylkesstyret.
19.15 Sosialt samvær.
22.00 Slutt.

Søndag: 11.00 Om revisjonismen. Innleiing ved Svein H[redacted].
15.00 Middag.
16.30 Om Stalin. Innleiing ved Alf L[redacted].
19.30 Sosialt samvær.
22.00 Slutt.

Mandag: 10.30 Om den politiske stoda og den demokratiske sentralismen. Innleiing av Tron Ø[redacted].
13.00 Om partiet. Innleiing av Brigt K[redacted].
15.00 Spørsmål til Ø[redacted].
15.30 Kritikk av seminaret.
16.00 Avslutning med Internasjonalen.

DELTAKERLISTE:
BERGEN SUF:Svein [redacted],Terje [redacted] Brigt [redacted],Elisabeth [redacted],Torstein [redacted],Tor [redacted],Rolf [redacted] Inger [redacted], Lars [redacted] Tro[redacted],Steinar [redacted] Odd [redacted] Gunnar [redacted], Alf [redacted] Bjørn [redacted],Arnor[redacted], Isleif [redacted] Einvald [redacted] Per [redacted] M [redacted],Hilde [redacted],Kjell Th[redacted],Bente [redacted] Jon [redacted]dal [redacted] Svein [redacted],Jarle [redacted],Erik [redacted],Lise [redacted], Kåre [redacted],Olaug [redacted],Berit [redacted]r,Alf T [redacted],Reidar [redacted],Ingvild [redacted],Per [redacted]
FANA SUF:Tor [redacted],Jan [redacted]d.
ODDA SUF:Ingunn [redacted],Arvid a[redacted] Olav Ni[redacted],Anne Bog[redacted],Anders [redacted],Brynjulf [redacted],Sverre [redacted]
ØYSTESE SUF:Ivar [redacted],Anders [redacted].
BERGEN/HORDALAND SUF:Henning [redacted]

ÅPNING:
Gunnar [redacted] og Alf [redacted] ble valgt til dirigenter,Bente [redacted] Ingunn [redacted],Anders [redacted] og Bjørn [redacted] til referenter..

RAPPORT FRA LAGA:
Ingunn [redacted],Odda SUF: Har 8 medlemmer,6 aktive.Brynjulf [redacted] form. og skolesekretær.To studiesirkler om Vietnam i gang,planlegges en om marxisme&leninisme.Stands om momsen.Arbeiderne streiker en ½ time den 28.mai.Planlagt en skoleaksjon.Ingunn [redacted] formann i gymnassamf. Også arr. stands i fb. med Vietnam.Har hatt en del virksomhet på det faglige området,bl.a. i samarb. med folk fra Bergen SUF.
Ivar [redacted],Øystese SUF:Slapp aktivitet pga eksamen.Sel materiell, vil venta med nye saker til hausten.Delt ut momsbrosjyrer,selt Klassekampen i Ålvik 1.mai.Studiering i Marxisme-leninisme.Bra ring.30 stk. skrive seg på ein Vietnamring,skal gå vidare frå hausten av.
Henning [redacted]:Ikkje serlig aktive,planlagt studiering i marxisme& leninisme,ca 10 deltakere.(Valen i Shl).
Svein [redacted],Bergen SUF:Dårlig oppmøte av studenter på medlemsmøter.. Diskutert samarb. med NKP.Kritikk mot SuFere i SA-gruppene.Har ikke prioritert arbeidet høyt nok..Bra Vietnam-arbeid.Liberalisme av SUFere i FNL-gruppene.Faglig arbeid organisert første gang oktober 68. Er blitt for lite prioritert.

www.akp.no (2024)

Jordbruksutvalget:endel bråk på gen.fors. i fb med kollektiv ledelse. Saka ennå ikke avgjort.Faglig Studentfront har en bra basisgruppe. 1 SuFer i arb.utvalget.De andre er også bra.Rød Front-demonstrasjon 1.mai.ca.800 deltakere:Et tamt tog.Ble gjort en del feil.Dekka mesteparten av byen med løpesedler,postkasseaksjon.Høytaleren gikk i stykker pga en sabotasjeaksjon.Arbeidsutvalget etter den faglige Vestlandskonferansen gjorde ingen ting i fb med momsaksjonen.
Bjørn [redacted],rapp.fra Sotra:Er medlem i Bergen SUF,men har en del weekend-aktivitet på Sotra.Er nestform. i Nordre Fjell Ungdomslag. Har i den senere tid hatt to møter om hhv NATO og skolen i vårt samfunn med deltakelse av SUFere og andre progressive.Bra resultat. På siste møte deltok over 100 ungdommer.
FANA SUF;Tor [redacted];Har ennå ikkje hatt konstituerende møte.

Svein [redacted],fylkesstyret:Reisevirksomhet. Besøkt alle laga. Prøve å koordinere. Dale SUF fungerer ikkje. Ålvik SUF er oppløst. Voss SUF er ikkje tilstades (3 medlemmer). Høyanger ikkje konstituert ennå. Kontakter i Florø og Sandane.

DEBATT

Ingen kommentarer. Spørsmål til Øystese om Vietnamringen. Mulighet for FNL-gruppe etter studieringen. Om Ålvik: Ingen kontakt. Vanskelige forhold.
[redacted]: Kontakten med Stord?
Henning [redacted], Valen: Lita aktivitet på lærerskolen. Mulig at det er en del splittelse og SFere.
Alf [redacted] Bergen: Lita vits i å satse på Ålvik SUF. Mulighet for gruppe av eldre folk som har meldt seg ut av SF. Innføring av LO-støtta lønnsvurderingssystem på Bjølvefossen.
[redacted] [redacted]: Den sentrale M-L-studiesirkelen er for vanskelig for utaforstående. Ny utarbeida av [redacted], [redacted] og [redacted] Aksjon med nedlegginga av rutebåtane i Har[redacted]AGE:Mulig å laga ein aksjon der men vi veit for lite om det.Mange bygder blir isolert.[redacted]:Var-ene blir dyrare.I[redacted]:Faglig arbeid:Er tidlegare blitt dreve av Bergen SUF for heile fylket.Viser seg tydelig i Sauda,Odda og Ålvik at det har vært til god nytte.Reisevirksomheten må prioriterast høgt. Dette er ei stor oppgave for det nye faglige utvalget.[redacted] Vanskelig å få folk til å reisa rundt.En del har vært dårlig forberedt pga dterkt arbeidspress.[redacted]:Faglig arbeid i høst:ArrangerE møter for de fagorganiserte på bedriftene med SUFere tilstede for å delta i diskusjonen.
KRITIKK AV KLASSEKAMPEN:
[redacted]:Bra opplegg og løysing.Jamvekt mellom nyhetsstoff og teori.. Somme artiklar for lamge.I 1.mainr. blei ordet funksjonær brukt som skjellsord.For mye henvisningar rundt om kring i bladet.Bokstavane for små,[redacted]:Overskriftene ikkje i samsvar med innholdet.Kritikk av SF går for mye på personar, og ikkje på sak.Bra med konkrete opplysningar om fiskerikrisa.Få meir opplysningsstoff om Kina og Albania.Korleis folk lever,fabrikkane blir styrt osv.Også positivt med meir stoff fra arbeidarar.H[redacted]R:Oppsummering av kritikken fra SA-gruppene:Bra om kapitalismen,men dårlig i kampem mot revisjonismen.For lite konkret.En del overoptimisme fra redaksjonen.Kina og Albaniastoffet for lite konkret.Språkbruken for lite konsis. Misbruk av begrep som fascisme og sosialfascisme.H[redacted]GH:Ikkje bruk utenlandsstoff på førstesida.Arbeidarar meir interessert i de nære ting.L[redacted]:En del lange artiklar.Fristar ikkje folk som ikkje er spesielt interessert.Kritikk av bildet som skulle visa at Sovjet angreip Kina.B K[redacted]N:Utenladsstoff må legges opp dobbelt så nøyaktig som ellers.En del ønsketenkning fra redaksjonen.Ikkje nok bruk av store typer med undertitler.For lange artikler.
L[redacted]E:En del trykkfeil.Klossete språk i enkelte artiklar,spesielt en oversettelse av Stalin.H[redacted]R:Kritikk av opplegget for denne debatten.Må ha en innledning for å få debatten i gang.Dette går alt for tregt.LA[redacted]:Enig.Har informert laga for dårlig.

ORIENTERING OM VESTLANDSPLANEN
[redacted]
Formann for komiteen er Stortingsmann Ulveseth(DNA)Komiteen består ellers av folk fra DNA og Høyre."Den store koalisjonen".Hovedprobvlemet for monopolkapitalen i dag er profittens synkende tendens. Konkurransen på det "frie marked" er ikke noe stort problem for monopolkonserna.De samarbeider seg i mellom.Et konsern tjener på å rasjonalisere bort arbeidere, slik at lønnsutgiftene blir lavere. Komiteen tar sikte på å bygge ut industrien på Vestlandet på de sentrale steder.Antall bønder skal reduseres fra 24000 til 9000. Befolkningen på landsbygda fra 80000 til 30000.7000 bruk rasjonaliseres bort i Møre og Romsdal.Den "frigjorte" arbeidskrafta på landsbygda skal "overføres" til industrien i tettbygde strøk.En av grunnene til denne omleggingen er at vannkraften på Vestlandet skal utnyttes bedre.Vestlandsplanen er ideell for næringslivet. I Årdal er det en fabrikk som sysselsetter mesteparten av befolkningen.Lokalbefolkningex er dermed totalt avhengig av dennne bedriftak,som etter planen skal gå til rasjonalisering.For å få beholde jobben,må arbeiderne samarbeide om rasjonaliseringa,noe som senere fører til at de likevel mister jobben.Det er noen få personer som dominerer i styrer og representantskap i banker og storindustri i Norge.Satsing på storindustri, betyr satsing på den industrien vi allerede har.Dette passer inn i regjeringens langtidsprogram.Det er ønskelig med utenlandsk kapital.LO støtter rasjonaliseringssamarbeidet i Årdal som vil resultere i at 12-1300 arbeidere får sparken. Vestlandsplanen forutsetter nærmest et nært samarbeid med EEC,dvs medlemsskap.Konserna mener at det er viktig å nytte vannkraften nå. for senere vil atomkraften overta, og da vil kanskje alle de utenlandske kxx konserna legge ned de norske interessebedriftene sine. Det er de vanlige forbrukerne av elektrisitet som må subsidiere utbygginga av vannkrafta for de store konserna.Selvsagt lønn etter innsats.Likelønnsprinsippet forkastes.Storindustrien vil ha bruk for uskolert arbeidskraft(Bønder og fiskere m fl) som kan ta lavtlønnsarbeid i bygnings og anleggsindustri.Så kan de senere rasjonaliseres bort.Det blir utarbeida ei motinnstilling til Vestlandsplanen ved Bergen Universitet av Hjellum m fl.SUF-laga bør skaffa seg Vestl.pl.
DEBATT:
[redacted]R:Korleis samarbeider dei store monopolkonserna?H[redacted]:Finnes ingen reell konkurranse.Markedet delt på forhånd.[redacted]:Korleis bekjemper storkonserna småindustrien i same bransje?[redacted]:Først blir det inngått avtaler med småbedriftene om produksjon og markeds føring.Småbedriftene blir til slutt så avhengig av det store som til slutt sluker dem.[redacted]:I følge Vestlandsplanen skal dei store sentra på Vestlandet bli Førde,Sogndal,Bergen og Voss og Stord. [redacted]:Jordbruksutvalget i Bergen SUF har drøfta planen.Skal få i gang et aksjonsutvalg som kan laga brosjyrer og halda møter.
LA[redacted]:Når kjem motinnstillinga,kvifor er ikkje beosjyra ferdig? [redacted]:Vedkommende som har ansvaret for det har det ikke vært mulig å få fatt i de siste 3 uker.HJ[redacted]:Motinnstillinga vil foreligge i september en gang.[redacted]:SUF-laga må få underretning om resultata avarbeidet etter kvart som det foreligg noko.[redacted]:Det skulle la seg gjøre.Men sjølve innstillinga frå Vestlandskomiteen må skaffes av alle SUF-lag når den blir trykt.xx [redacted]:Vil SF bruke det i valgkampen?[redacted]:Vi må regne med at Bjørnseth vil kjøre på innstillinga.[redacted]:Da må vi ha brosjyrer tidlig på sommeren.[redacted]: Ikke vanskelig å utarbeide brosjyrer.OTTNE:Vi må holde SUF=lagene informert om utviklingen.

VALG AV FAGLIG UTVALG FOR FYLKET:
Disse ble valgt etter innstilling fra Fylkesstyret:

www.akp.no (2024)

Magne B[redacted],formann
German G[redacted]en(faglig leder,Bergen SUF)
Bjørn S[redacted]k,sekretær
Nils G[redacted],arkivsjef
I tillegg kommer faglig leder i Fana SUF

[redacted]:Hvorfor trenger vi et faglig fylkesutvalg?Jo,fordi Bergen SUF tidligere har organisert det faglige arbeidet for heile Hordaland. Vi mener at det vil være naturlig å atskille arbeidet for Bergen og Hordaland,selv om det selvsagt blir et nært samarbeid mellom de to utvalga.

2.DAG:OM REVISJONISMEN INNLEIING VED SVEIN H[redacted]
